



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Sjå vedlagte adresseliste

Dykkar ref

Vår ref
200702254

Dato
20.12.2007

Statsbudsjettet 2008 – Tildeling av fagmidlar til Fylkesmannen over Landbruks- og matdepartementets budsjettkapittel 1144 post 77 og omtale av kapittel 1150 underpost 50.11

Med bakgrunn i St.prp. nr 1 (2007-2008) Landbruks- og matdepartementet, samt Stortinget si behandling av denne, vert det i dette brevet gjeve rammetildeling innanfor kap.1144 post 77 ressursforvaltning og miljøtiltak i landbruket. Det vert også gjeve ei kort omtale av kap. 1150 underpost 50.11 bygdeutviklingsmidlane.

Vedlegg 1 gjev ei oversikt over tildeling av midlar knytt til det enkelte embetet over kap. 1144 post 77. Vedlegg 2 gjev ei oversikt over møter og samlingar i regi av LMD og SLF i 2008.

Tildelinga over **Kap. 1144 post 77** skal gå til gjennomføring av konkrete prosjekt knytt til miljø- og ressursarbeidet og til Fylkesmannens oppfølging av det kommuneretta arbeidet på landbruksområdet. **Kap. 1150 underpost 50.11** er BU-midlane, herunder dei fylkesvise BU-midlane.

Det vert også vist til tekst under dei enkelte fagmidlane for nærmare informasjon om postering.

Utgiftene skal debiterast etter kvart som dei forfell på førnemnde kap/post, og må takast med i kassarapportane på vanleg måte. Det vert teke atterhald om at Landbruks- og matdepartementet og Riksrevisjonen kan foreta kontroll med at midlane er brukt i samsvar med føresetnadane. Dersom midlane ikkje vert brukte etter føresetnadane, kan tildelinga bli trekt tilbake.

Vi syner samtidig til brev av 22.05.2007 til fylkesmennene frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet angående bruk av interimskonti. Landbruks- og

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Avdeling for forskning, innovasjon og regionalpolitikk	Sakshandsamar
Postboks 8007 Dep	Akersgt. 59	22 24 90 90	Telefaks	Siri Lothe
0030 Oslo		Org no. 972 417 874	22 24 91 50	22249217

matdepartementet vil presisere at det ikkje er høve til å nytte interimskonti i samband med kap. 1144 post 77.

Departementet legg i utgangspunktet ikkje opp til at det er mogleg å få overført midlar som vert ståande ubrukte på kap 1144 post 77 til neste års budsjett med mindre det ligg særskilde årsaker til grunn for dette.

1. INNLEIING

1.1 Generelt

Fylkesmannen skal ivareta dei nasjonale måla i landbrukspolitikken, jf. St. prp. nr. 1 (2007-2008), og er ansvarleg for ei regional tilpassing av den nasjonale landbrukspolitikken på regionalt nivå. Eit av måla er å stimulere til lokal forankring, forståing og aksept for viktige landbrukspolitiske målsetningar, og å byggje på regionale fortrinn. For vidare omtale av Fylkesmannen sine oppgåver syner vi til tildelingsbrevet for 2008 frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet for Kap. 1510 fylkesmannsembeta, til det elektroniske embetsoppdraget for 2008, og til tildelingsbrev frå Statens landbruksforvaltning av 20.12.2007. Fylkesmannen må sjå desse dokumenta i samanheng. Vi syner også til departementet sitt tildelingsbrev til 4H Norge, der samarbeidsflatene mot Fylkesmannen er omtalt, samt førre års tildelingsbrev over kapittel 1144 der hald av kontorlokale og kontortenester for dei frivillige organisasjonane vart omtala.

1.2 Styringsdialogen mellom Landbruks- og matdepartementet og Fylkesmannen

Som eit ledd i den faglege styringsdialogen med Fylkesmannen gjennomfører Landbruks- og matdepartementet styringsmøte med kvart embete annankvart år.

I 2008 vil Landbruks- og matdepartementet gjennomføre styringsmøte i følgjande embete: Telemark, Aust-Agder, Sør-Trøndelag, Østfold, Hedmark, Hordaland, Nord-Trøndelag, Oppland, Buskerud. I tillegg vert det gjennomført styringsmøte med Møre og Romsdal fylke utsett frå 2007. Vi syner elles til tildelingsbrevet frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet for 2008 for dato for møta. I tillegg vil det bli helde fagmøte med landbruksavdelingane, jf. vedlagte møtekalender.

1.3 Tenester knytt til teknisk planlegging

I St. prp nr. 77 (2006-2007) vart det nedsett ei gruppe beståande av representantar frå Landbruks- og matdepartementet, Fylkesmannen, Innovasjon Noreg, Landbrukets Forsøksringar, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Gruppa fekk mandat til å foreslå ei einskapleg løysing for å dekkje landbruket sitt behov for teknisk bygningsplanlegging i heile landet. Rapport frå gruppa med forslag til løysing vil ligge føre i januar 2008, og vert sendt ut til alle embeta. Rapporten vert vidare behandla i samband med jordbruksforhandlingane i 2008. Departementet vil difor kome tilbake til saka. Inntil ny ordning er etablert skal Fylkesmannen ivareta tenester knytt til teknisk planlegging i dei embeta der teknisk planlegging framleis er ein del av oppgaveporteføljen.

2. NÆRMARE OM TILDELINGA PÅ KAPITTEL OG POSTAR

2.1 Kap. 1144 post 77 Ressursforvaltning og miljøtiltak i landbruket

I statsbudsjettet for 2008 vert det stilt kr. 6,097 millionar til disposisjon over kap. 1144 post 77. Nedanfor følgjer ei oversikt over dei enkelte tildelingane og prosjekta.

2.1.1 Rovviltkompensasjon

Landbruks- og matdepartementet gjev tilskot til arbeidet med rovviltproblematikken i dei embeta der konfliktane knytt til rovdyr er størst. Tildelinga skal nyttast til å kvalitetssikre førebyggjande tiltak som det vert gjeve offentleg stønad til. Landbruksavdelinga skal i samarbeid med miljøvernavingdelinga aktivt fylgje opp tap på beiter og moglegheiter for alternativ beitebruk og medverke til at fellingskvoter, lisensar og skadefellingar vert sett i samband med næringsdrift basert på utmarksbeite.

Fylkesmannen skal i samarbeid med dei regionale rovviltnemndene føre vidare arbeidet knytt til rovviltforvaltning i tråd med St. meld nr. 15 (2003-2004) og signala gjeve i Soria Moria-erklæringa. Fylkesmannen har ei viktig rolle knytt til samordning av miljøpolitiske og landbrukspolitiske verkemiddel, samt å gje kommunane naudsynt informasjon om bruk av kommunale midlar som spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) til beiteformål.

Fylkesmannen skal bidra aktivt til å finne løysingar som har ei varigheit og er framsynte både for ei framtidretta beitenæring og for bevaring av rovvilt i tråd med nasjonale mål, jf felles brev av 28.7.2006 om beitebruk og rovviltforvaltning frå Landbruks- og matministeren og Miljøvernministeren.

2.1.2 Det kommuneretta arbeidet på landbruksområdet

Alle embeta får også i 2008 ei særskild tildeling til det kommuneretta arbeidet. Midlane skal nyttast til å styrkje kommunane si rolle og ansvar som landbrukspolitisk aktør og til å ivarta rolla som kompetansesenter for kommunane på landbruksområdet. Innanfor dette arbeidet skal Fylkesmannen bidra til at kommunane ser landbruks- og matpolitikken i samband med anna næringspolitikk og ressurs- og miljøforvaltning. Det kommuneretta arbeidet vidareførast gjennom god dialog med kommunane og gjennom utøving av Fylkesmannens funksjon som kompetanse-, klage-, og kontrollorgan. Fylkesmannen skal også legge til rette for opplæringstiltak overfor kommunane slik at dei best mogleg kan ivareta nye krav og oppgåver. Fylkesmannen skal mellom anna føre kontroll med at bu- og driveplikta og vilkåra for konsesjon blir oppfylt, samt at bestemmingane i jordlova, m.a. om omdisponering og deling blir overhaldt.

Det er framleis viktig å vidareutvikle og styrkje kommunane si rolle som landbrukspolitisk aktør og som pådrivarar innan samfunns- og næringsutvikling. Regjeringa ynskjer å forsterke kommunane si rolle som tilretteleggjar for næringsutvikling og entreprenørskap lokalt. Fylkesmannen skal i den samanheng følgje utviklinga i kommunane i høve til tilstrekkelig kapasitet og ressursar til å løyse oppgåvene på landbruks- og matområde. Det er også viktig at Fylkesmannen gjennom sin dialog med kommunane bevisstgjer kommunane på deira ansvar for god kvalitet på KOSTRA-rapporteringa, særskilt knytt til omdisponering etter Plan- og bygningslova. Gjennom Landbruks- og matdepartementets samarbeid med KS er det utvikla eit eige temaområde for landbruk på nettportalen folkevalgt.no som skal nyttast til opplæring

av nye folkevalde i kommunane. Departementet vil oppmode Fylkesmannen til å nytte materialet på nettportalen i sin dialog med den politiske leiinga i kommunane.

Samarbeidsavtalen mellom Landbruks- og matdepartementet og KS er vidareført for to nye år, og gjeld t.o.m. 31.12.2009. Avtala er viktig i arbeidet med synleggjering og bevisstgjerung av landbruksområdet for administrativ og politisk leiing, både regionalt og lokalt. Samarbeidet mellom KS regionalt og Fylkesmannen inngår som eit av elementa i avtala. Samarbeidet legg elles auka vekt på felles utfordringar innanfor ulike miljø- og klimaområde. Arbeidet med overføringa av ansvaret for veterinærtenester til kommunane er òg ein del av samarbeidet. I dei kommunane som deltek i arbeidet med programmet *Livskraftige kommuner- kommunenettverk for miljø- og samfunnsutvikling*, er det viktig at Fylkesmannen ser til at dette arbeidet vert samordna med anna miljøretta arbeid på landbruksområdet.

2.1.3 Oppfølging av EUs vannrammedirektiv

Fylkesmannen er tillagt ansvaret for å følgje opp mål og prosessar i EUs vannrammedirektiv. Landbruks- og matdepartementet ynskjer å styrkje arbeidet med landbruket sin innsats for å legge til rette for å følgje opp EUs vannrammedirektiv, og har løyvd midlar til dei fylka som har særskilde utfordringar på området. Vi syner også til oppgåveprioriteringa i tildelingsbrevet frå Statens landbruksforvaltning.

2.1.4 Særskilde prosjekt

Fylkesmannen i Rogaland, Hordaland, Aust-Agder og Vest-Agder starta i 2007 eit treårig samarbeidsprosjekt knytt til utvikling av eit kompetansegevande studium for tilsette i kommunal landbruksforvaltning. Fylkesmannen i Rogaland får på vegne av dei andre embeta midlar til gjennomføring av prosjektets andre år. Fylkesmannen skal rapportere på arbeidet for 2008 i Fylkesmannens årsrapport.

Fylkesmannen i Troms får midlar til å vidareføre samarbeidet i nordområdet, *økt kontakt med Russland*. Fylkesmannen i Troms har eit særskild ansvar for å fylgje opp og ivareta den prosjektorienterte kontakta som er etablert i nordområdet. I dette arbeidet skal Fylkesmannen i Troms samarbeide og nytte seg av den kontakta og kompetansen som allereie er etablert hjå Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Nordland og Finnmark. Det er viktig at Fylkesmannen i Troms syter for kompetanseoverføring innan eigen organisasjon og til andre samarbeidande fylke. Fylkesmannen skal rapportere på arbeidet for 2008 i Fylkesmannens årsrapport.

Fylkesmannen i Nordland vert tildelt midlar til å slutføre skogbruksprosjektet i samarbeid med Helgeland Museum og Statsskog. Fylkesmannen skal mellom anna arbeide for å synleggjere skogen og skogbruket i turist og næringsssamanheng. Prosjektet vert avslutta i 2008. Fylkesmannen skal rapportere på prosjektet i Fylkesmannens årsrapport.

2.1.5 Postering

Prosjekt skal belastast på Kap. 1144 post 77 underpost 11 – Prosjekter
Rovviltkompensasjon og kommunesatsingstiltak skal belastast på Kap. 1144 post 77 underpost 12 – Diverse.

3. OMTALE AV KAP. 1150 UNDERPOST 50.11 – BU-MIDLAR

3.1 Evaluering av dei fylkesvise BU-midlane til utgreiing og tilrettelegging

Landbruks- og matdepartementet viser til NILF si evaluering av bruken av dei fylkesvise utrednings- og tilretteleggingsmidlane innanfor bygdeutviklingsmidlane i rapporten til NILF frå 2007 "Tilrettelegging for bygdeutvikling – på rett vei, men fortsatt et stykke frem". Departementet føreset at konklusjonane i evalueringa er kjend i embeta og legg til grunn at det framleis er Fylkesmannen som skal forvalte dei fylkesvise BU-midlane til utgreiing og tilrettelegging.

3.2 Fordeling av rammer

Under jordbruksforhandlingane i 2007 vart det sett av totalt 380 mill. kroner i fylkesvise BU-midlar. Hovudmålet for bygdeutviklingsmidlane er å leggje til rette for næringsutvikling som dannar grunnlag for langsiktig, lønnsam verdiskaping og desentralisert busetnad med utgangspunkt i landbruket sine ressursar generelt og landbrukseigedomar spesielt.

Arbeidet med næringsutvikling i landbruket skal baserast på Landbruks- og matdepartementet sin strategi for næringsutvikling "Ta landet i bruk!", og operasjonaliserast gjennom den regionale strategien.

Det vil bli sendt ut et eige rundskriv for BU-midlane for 2008. I dette rundskrivet vil også den fylkesvise fordelinga gå fram. Forskrifta frå 15.02.2007 skal nyttast også i 2008.

På same måte som i 2007 skal Fylkesmannen sende eit oppdragsbrev til Innovasjon Norge, der det blir delegert myndigheit til å løyve bedriftsretta BU-midlar i samsvar med §4 i BU-forskrifta. Oppdragsbrevet må sendast til Innovasjon Norge innan 1.mars 2008 med kopi til Statens landbruksforvaltning. Dersom myndigheit skal delegerast til kommunane, må dette også skje innan 1.mars.

Oppland

I 2004 sette Landbruks- og matdepartementet i gang eit fireårig forsøk med forvaltning av BU-midlar i regi av regionråda for Nord-Gudbrandsdal og Valdres. Forsøket er forlenga i to år, til 2010. Målsettinga med forsøket er å bidra til forenkling og effektivisering i forvaltninga av BU-midlane, auka brukarorientering og lokaldemokrati, samt meir forpliktande interkommunalt samarbeid.

Kommunane i forsøket har forvaltningsansvaret for BU-midlane. Forsøket vert finansiert ved oppdeling og omdisponering av Oppland fylke si fylkeskvote.

Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal

I St.prp. nr. 69 (2004-2005) Om jordbruksoppkjøret 2005 vart det bestemt at det skulle opprettast eit 5-årig seterprosjekt i Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal. Det er øyremerkat 10 mill. kr. til føremålet i perioden. Tildeling av midlar til dei tre prosjektfylka og retningslinjer for bruken av midlane kjem i BU-rundskrivet for 2008.

3.3 Tilskot over dei sentrale BU-midlane til diverse regionale og lokale tiltak

Lokale og regionale tiltak for å vidareutvikle tilbodet av sunn mat, inkl. frukt og grønt til born og unge

Landbruks- og matdepartementet finansierte i 2007 prosjekt i fylka med 1,6 millionar kroner av dei sentrale BU-midlane som ledd i arbeidet med utvikling av matpolitikken. Målsettinga var å stimulere og vidareutvikle tilbodssida innan sunn og lokal mat, inkl. frukt og grønt til born og unge. Fylkesmannsembeta hadde ei sentral rolle ved prioritering og gjennomføring av prosjekta. Det vert teke sikte på at det vert iverksett liknande prosjekt også for 2008.

Areal- og busettingspolitikk

Landbruks- og matdepartementet ga i 2007 tilskot på til saman 900.000,- kroner til prosjekt i distrikta innan areal- og busettingspolitikkområdet. Fylkesmannsembeta hadde arbeidet med å hente inn og prioritere mellom prosjekta i sitt fylke. Departementet reknar med at det vert gjeve tilskot til liknande prosjekt også for 2008.

Regionale utviklingsprosjekt

I 2007 lyste departementet ut midlar til regionale utviklingsprosjekt og streif-arrangement. Det vart gjeve tilskot på til saman 1 475 000 kroner. Målet med tilskota var å stimulere til arbeidsmetodar, kompetanseheving m.m. for å fremje lokal verdiskaping med utgangspunkt i landbruket sine ressursar. Tilskota retta seg både mot kommunalt og regionalt nivå. Landbruks- og matdepartementet er svært nøgde med den aktiviteten som har skjedd i ein del fylker gjennom 2007. Også i 2008 tek departementet sikte på å sette av midlar til regionale utviklingsprosjekt.


Landbruks- og matdepartementet vil komme tilbake til dei tre konkrete tiltaka når ei eventuell avsetting av midlar er avklart tidleg i 2008.


3.4 Rapportering

Tabellen nedanfor syner ei oversikt over rapportar og oppdragsbrev knytte til BU-midlane.

Rapportering frå Fylkesmannen til Innovasjon Norge (tilretteleggingsmidlane)	15.januar
Rapportere på bruken av BU-midlar i høve til den regionale næringsutviklingsstrategien i Fylkesmannens årsrapport. Kopi til Innovasjon Norge.	28.februar
Oppdragsbrev med innvilgingsramme frå Fylkesmannen til Innovasjon Norge (med kopi til SLF)	1.mars

Med helsing


Frøydís Vold (e.f.)
ekspedisjonssjef


Siri Lothe
rådgjevar

Vedlegg 2

Kopi:
Statens landbruksforvaltning
Riksrevisjonen
Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Adresseliste

Fylkesmannen – alle

Møre og Romsdal fylke; Fylkeshuset 6404 MOLDE

Vedlegg 1 - midlar til fordeling i embeta over kapittel 1144 post 77

Embete	Kommuneretta arbeid	Rovviltkompensasjon	Prosjekt	Oppfølging av vannrammedirektivet	Sum
Østfold	100 000	50 000		20 000	170 000
Hedmark	100 000	320 000			420 000
Oslo og Akershus	100 000	50 000		20 000	170 000
Oppland	100 000	250 000			350 000
Buskerud	100 000			20 000	120 000
Vestfold	100 000			20 000	120 000
Telemark	100 000				100 000
Aust-Agder	100 000				100 000
Vest-Agder	100 000				100 000
Rogaland	100 000		150 000	20 000	270 000
Hordaland	100 000				100 000
Sogn og Fjordane	100 000				100 000
Møre og Romsdal	100 000	150 000			250 000
Sør-Trøndelag	100 000	150 000		20 000	270 000
Nord-Trøndelag	100 000	250 000			350 000
Nordland	100 000	250 000	75 000		425 000
Troms	100 000	200 000	300 000		600 000
Finnmark	100 000	50 000			150 000
SUM	1 800 000	1 720 000	525000	120 000	4 165 000

Vedlegg 2 – møtekalender 2007 for fylkesmannsembeta i regi av Landbruks- og matdepartementet og Statens landbruksforvaltning

Tidspunkt	Tema	Stad	Ansvarleg
29.- 30. januar	Landbruksdirektørsamling	Oslo	LMD
Februar/mars	Fagsamling – ELF og off. pålegg i plante- og husdyrproduksjon	Oslo-området	SLF/ Seksjon for avlingssvikt og naturskade
21.mai	Fellessamling LMD – landbruksdirektørar og IN direktørar	Oslo	LMD/IN
Mai	Fagsamling – erstatning etter klimaavhengige skader	?	SLF/ Seksjon for avlingssvikt og naturskade
Mai/juni	Fagsamling – arbeidet med utvalde kulturlandskap i jordbruket	?	SLF/ Seksjon for miljø og kulturlandskap
Mai/juni	Fagsamling – erstatning etter klimaavhengig skade i avling og honningproduksjon	Oslo-området	SLF/ Seksjon for miljø og kulturlandskap
28. - 29. mai	SKAS-samling	Aust-Agder	SLF/ Seksjon for miljø og kulturlandskap
Mai/juni (2 dagar)	Nettverkssamling - arealforvaltning	Oslo-området	SLF/ Seksjon for arealbruksutvikling
4. – 6. juni	Fellessamling for landbruksdirektørar og miljøverndirektørar	Flåm, Sogn og Fjordane	LMD/MD
17. – 18. juni	Fagsamling – produksjonstilskot og husdyrkonsesjon	?	SLF/ seksjon for direktetilskudd
August/september	Samling for landbruksdirektørane	?	Landbruksdirektørane AU

2. – 4. september	Skogfaglig samling	Hedmark	SLF/ Seksjon for miljø og kulturlandskap
Oktober (2 dagar)	Nettverkssamling – juridiske verkemidlar	?	SLF/ Seksjon for arealbruksutvikling
Oktober	Samling for landbruksdirektørar i samband med framlegginga av statsbudsjettet	Oslo	LMD
November (2 dagar)	Fagsamling – kontrolloppgaver i tilskotsforvaltninga	?	SLF/ Seksjon for ekstern kontroll
November/desember	Mellomleiersamling- FMLA	Oslo	SLF